



Møteprotokoll

Utval: ungdomsrådet
Møtestad: Ulstein bibliotek
Dato: 28.01.2026
Tid: kl. 16.30 - 18.30

Desse møtte

Astrid Eline Breivik

Anderson

Brage Skodjevåg Bø

Ella Tødenes

Julie Vels Poulsen

Mari Torvund Måseide

Nikolai Skorgen Drage

Sveinung B. Snipsøyr

Erlend Eidem

Stian Skorgen Scheide

Martin Horn

Representerer

H

H

V

Funksjon

medlem

nestleiar

medlem

leiar

medlem

medlem

medlem

medlem

ordfører

medlem

Andre møtte

Jarl Martin Møller

Karen Strand

Vegard Ertesvåg

Annika Brandal

Adm.

Adm.

Adm.

Adm.

kommunedirektør

kommunalsjef oppvekst og kultur

ingeniør oppmåling/GIS

koordinator

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/537
PS 02/26	Godkjenning av protokoll	26/537
PS 03/26	Orienteringar	26/537
PS 04/26	Referatsaker	26/537
PS 05/26	Høyring - handlingsplan for trafikktrygging ved skulesamanslåing	25/2850
PS 06/26	Invitasjon til Ungdommens fylkesting 2026	20/2954
PS 07/26	Val av ungdomsråd 2026-2027	20/2954
PS 08/26	Forskrift om skulekrinsar for Ulstein kommune	26/537

Ulsteinvik, 29.01.2026

Julie Vels Poulsen
møteleiar

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende med merknaden som ligg føre.

Behandling:

RS 01/26 Forskrift om skulekrinsar for Ulstein kommune vart tatt opp som ei politisk sak.

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

PS 02/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

PS 03/26 Orienteringar

Vedtak:

[Ingen orienteringar].

Behandling:

[Ingen orienteringar].

PS 04/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Forskrift om skulekrinsar for Ulstein kommune
02/26	Årsrapport mobbeombodet 2024-2025

Vedtak:

Referatsaka vert teken til vitende.

Behandling:

RS 01/26 Forskrift om skulekrinsar for Ulstein kommune vart tatt opp som politisk sak, jamfør PS 01/26.

Kommunalsjef for oppvekst og kultur, Karen Strand, orienterte i saka.

Referatsaka vart samrøystes teken til vitende.

PS 05/26 Høyring - handlingsplan for trafikktrygging ved skulesamanslåing**Vedtak:****Uttale frå ungdomsrådet:**

Ungdomsrådet meiner Bakkegata burde stengast, men kanskje tidspunktet kan justerast til 7.30-8.30?

Det er dumt å ta av uteområdet til ungdomsskulen. Elevane bør vere ute i friminutta, då trengs det uteareal med muligheit å drive med aktivitet.

Innkjøring og utkjøring frå Ulstein ungdomsskule (for levering om morgonen) er krevande når det også går barneskuleelevar i krysset og det er mørkt.

Ungdomsrådet diskuterte også ulike snarveggar og peika på plassar som vert nytta av ungdomsskuleelvar.

Ned frå Prost Ankers gate, før nr 12, er det ofte ekstra glatt vinterstida i svingen retning ungdomsskulen.

Elevar nyttar også ein snarveg opp Vikemyra langs Vikeelva, og vidare opp ved Vikemyra 16.

Buss for ungdomsskuleelevane kan også med fordel flyttast til Gjerdegata. Det er tryggare. Er det mogleg å få speglar i avkøyrslar til høgre i Bakkegata?

Behandling:

Sakshandsamar Vegard Ertesvåg orienterte om bakgrunnen for saka og arbeidet knytt til det.

Kommunedirektøren si tilråding:

Sak til uttale utan tilråding frå kommunedirektøren.

PS 06/26 Invitasjon til Ungdommens fylkesting 2026

Vedtak:

Ungdomsrådet i Ulstein vel Julie Vels Poulsen, Astrid Eline Breivik Anderson, Nikolai Skorgen Drage og Sveinung B. Snipsøyr til utsendingar og vara.
Fordeling av faste og vara blir avklart etter ungdommane har fått sjekka nærare opp.

Behandling:

Det vert arrangert Ungdommens Fylkesting i Molde 13.-15. mars.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ungdomsrådet i Ulstein vel XX og XX til å representere Ulstein kommune på Ungdommens Fylkesting 2026.

Som vara vert XX og XX valt.

PS 07/26 Val av ungdomsråd 2026-2027

Vedtak:

Nytt ungdomsråd veljast på kommunestyremøte 12. februar.

Behandling:

Leiar Julie Vels Poulsen og Astrid Eline Breivik Anderson har hatt møte med elevrådet ved Ulstein ungdomsskule, som vil informere i sine klasser. Søknadsskjema er delt med skulane. Annika vil også dele i kommunen sine kanalar.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ungdomsrådet førebur eit besøk ved Ulstein ungdomsskule. Koordinator tek kontakt med elevrådslansvarleg for å avtale besøk. Ulstein kommune vil også gjere det kjent i sine kanalar at Ungdomsrådet søker nye medlemmar. Ungdomsrådet vil dele andre stadar det er naturleg for ungdom å vere.

Nye medlemmar melder si interesse via skjema, som tidlegare.

PS 08/26 Forskrift om skulekrinsar for Ulstein kommune

Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling:

Ungdomsrådet hadde ingen spørsmål eller merknadar.

